



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 09.12.2014

---

**Sak nr.:** 14/5682-5

**Internt l.nr.:** 39937/14

**Sak:** 39/14

**Tittel:** **Politisk organisering i Sogn og Fjordane fylkeskommune  
2015-2019**

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- A. Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:
1. Fylkestinget skal ha 31 medlemmer.
  2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemmer.
  3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 9 medlemmer, slik:  
Hovudutval for samferdsle.  
Hovudutval for opplæring.  
Hovudutval for næring og kultur.  
  
Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.
  4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemmer i noko hovudutval.
  5. Leiarane i hovudutvala skal ikkje vere medlem i fylkesutvalet.
  6. Ordningane med finansutval og planutval vert vidareførte som i dag.
  7. Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmar, og to av desse, leiar og nestleiar, skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmar
- B. Det konstituerande fylkestinget må sjølv fastsetje fylkesordføraren si godtgjersle. Det vil vere opp til det nye fylkestinget om godtgjerslene til dei folkevalde elles skal vurderast.
- C. Også delegeringsreglementet skal vurderast av det nye fylkestinget. Dette må gjerast innan 31.12.16.
- D. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom medlemene i eldrerådet og medlemene i rådet for funksjonshemma. I denne saka skal ein og vurdere kor mange medlemmer det bør vere i råda.

**Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak i 3 punkt:

1. Den politiske organiseringa av Fylkestinget for perioden 2015-2019 vert som i dag med 39 representantar i Fylkestinget.
2. Eventuelle endringar i utvalsstruktur og ansvar vert teken stilling til av det nye Fylkestinget
3. Det vert innført parlamentarisme i Sogn og Fjordane Fylkeskommune frå perioden 2015-2019

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:

1. Fylkestinget skal ha 31 medlemer.
2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemer.
3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 7 medlemer, slik:  
Hovudutval for samferdsle.  
Hovudutval for opplæring.  
Hovudutval for næring og kultur.

Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.

4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemer i noko hovudutval.
5. Det skal ikkje vere personsamanfall mellom fast møtande medlemer i fylkesutvalet og fast møtande medlemer i hovudutvala.
6. Ordningane med finansutval og planutval vert vidareførte som i dag.
7. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar og ein av desse, leiaren, skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer.

B, C og D som Fylkesutvalet sitt vedtak

**Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

- A
2. Fylkesutvalet skal ha 7 medlemer
3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 7 medlemer,.....
5. Medlemene i hovudutvala skal ikkje vera medlemer i fylkesutvalet
7. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer, og tre av desse inkludert leiar og nestleiar, skal veljast av fylkestinget sine medlemer.

**Senterpartiet og Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Endring i punkt 6.

Ordninga med finansutval og planutval vert vidareført. Med verknad frå konstituerande fylkesting 2015 vert det personsamanfall i utvala med utgangspunkt dagens finansutval si samansetting.

**Senterpartiet og Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak i 2 punkt:

1. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Leiar og nestleiar skal kome frå fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget.
2. Fylkestinget legg til grunn at berre leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget. Dei andre medlemmane møter ikkje under fylkestingsseta.

**Avrøysting:**

Punkt 1 i framlegget frå Framstegspartiet fekk 5 røyster og var dermed forkasta.  
Punkt 2 i framlegget frå Framstegspartiet fekk 4 røyster og var dermed forkasta.  
Punkt 3 i framlegget frå Framstegspartiet fekk 10 røyster og var dermed forkasta.

Punkt A1 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 34 røyster og var dermed vedteke.  
Punkt A2 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 32 røyster og var dermed vedteke.  
Punkt A3 om tal medlemmar i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 26 røyster og var dermed vedteke.  
Resten av punkt A3 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.  
Punkta A4, A5, B, C og D i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.  
Punkt A6 og A7 i tilrådinga frå fylkesutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Punkt 1 i framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet om kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.  
Punkt 2 i framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet om kontrollutvalet fekk 21 røyster og var dermed vedteke. 18 røysta mot.

Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vedkommande punkt A6 fekk 26 røyster og var dermed vedteke.

Framlegget frå Høgre vedkommande punkt A2 fekk 7 røyster og var dermed forkasta.

Framlegget frå Høgre og Venstre om tal medlemmar i Hovudutvala fekk 13 røyster og var dermed forkasta.

Dei resterande framlegga frå dei ulike forslagsstillarane kom ikkje opp til avrøysting.

#### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- A. Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:
  1. Fylkestinget skal ha 31 medlemmer.
  2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemmer.
  3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 9 medlemmer, slik:
    - Hovudutval for samferdsle.
    - Hovudutval for opplæring.
    - Hovudutval for næring og kultur.Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.
  4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemmer i noko hovudutval.
  5. Leiarane i hovudutvala skal ikkje vere medlem i fylkesutvalet.
  6. Ordninga med finansutval og planutval vert vidareført. Med verknad frå konstituerande fylkesting 2015 vert det personsamanfall i utvala med utgangspunkt i dagens finansutval si samansetting.
  7. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmar. Leiar og nestleiar skal kome frå fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget. Fylkestinget legg til grunn at berre leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget. Dei andre medlemmane møter ikkje under fylkestingsseta.
- B. Det konstituerande fylkestinget må sjølv fastsetje fylkesordføraren si godtgjersle. Det vil vere opp til det nye fylkestinget om godtgjerslene til dei folkevalde elles skal vurderast.
- C. Også delegeringsreglementet skal vurderast av det nye fylkestinget. Dette må gjerast innan 31.12.16.
- D. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom medlemene i eldrerådet og medlemene i rådet for funksjonshemma. I denne saka skal ein og vurdere kor mange medlemmer det bør vere i råda.

